

Fra: Helene Lindskog [helenekar@hotmail.com]
Sendt: 16. september 2013 12:33
Til: NVE
Emne: Søknad frå Erko Settefisk AS

Hei!

Viser til søknad frå Erko Settefisk as i Storavatnet , Stord Kommune.

Me er ein familie som brukar vatnet mykje, både til bading og som turområde. Me har nettopp kjøpt oss kano og ser veldig fram til mange flotte turar på vatnet vårt, forhåpentligvis...

Derfor er det med stor bekymring eg les om mulige ringvikningar av regulering på Storavatnet:

- * Kva vil skje med ferdsel med kano/båt/kajakk når det blir nedtappa?
- * Det er langgrunt ein del plassar og kva blir skje med lukt når gjørme blir liggande over vannstand?
- * Korleis blir badeplassane våre bli påverka?
- * Kva med turområde som i dag ikkje står under vatn, men kan komme til å gjere det ved regulering?
- * Kva med kulturminner, er ikkje dei verneverdig og må beskyttast? Tenker då på Gruveområdet samt gamle mølla i Sågvågselva.
- * Skulane i heile Stord kommune bruker i dag vatnet mykje til kano og kajakk, bading, garnsetting osv. Vil dei fortsatt kunne gjere det uavhengig av vannstand?
- * Stord Jeger- og Fiskerforening tar ut ein del fisk og vil regulering påvirke bestand/fiske?
- * Kva med laks/aure som i dag går opp Sagvågselva?
- * Vil vatnet fortsatt bli islagt vinterstid slik at både me, som privatpersonar og skulane, kan fortsette med all aktivitet på vatnet som bl.a skøyter og ski?
- * Det er nokon små øyer på vatnet der bl.a Speidaren har laga leirplass på ei av dei. Vil dei uavhengig av vannstand fortsatt komme til med båt og komme seg i land?
- * Blir tilsig mellom Hustrudalsvatnet mot Storavatnet tørrlagt? I såfall får det store konsekvenser då dette er myrområdet. På folkemunnen har Hustrudalsvatnet vore bruka til å dumpe ein del avfall frå spesielt Gruvene, og om vannstand blir tappa ned vil dette komme opp på land med dei konsekvensar det får.

På nettsida til Erko Settefisk står det at dei henter sjøvatn frå 70 mtr djupn og resirkulerer det i lukka anlegg. Kvifor skal dei då hente frå Storavatnet?

Eg har ingen problem med å fremme arbeidsplassar og flott at det er nyskaping, men dette må ikkje gå på bekostning av vår skjøre natur og den positive utnyttinga av naturen.

Vatnet betyr masse for både ungar, voksne og gamle! Me har masse historie knytta til det med tanke på tida med gruvedrift og krigen, som bør takast hensyn til ved behandling av søknaden. Me har bl.a. Venelaget for Gruvo, Bydelsbloggen, facebookgruppe "Sagvåg Litlabø reiser seg til felles innsats" som har gjort ein kjempejobb med å få fram historie, skape aktiviteter og positivitet i lokalmiljøet, og med eit engasjement som påvirker heile vårt lille samfunn. Og mykje av dei aktivitetane foregår i og rundt Storavatnet, ta ikkje det frå oss! Rekreasjon er ein svært viktig faktor i dagens hektiske samfunn, både for gamle og unge, og her spelar vatnet vårt ein

viktig rolle.

Kartlegging frå Hordland Fylkeskommunen slår fast at strandsonene ved Storavatnet er svært viktig og av høgast verdi som friluftsområde. Håpar dette også er eit punkt som blir høgt verdsatt i behandlinga.

Eg setter min lit til at alle innspel blir behandla seriøst og tatt med i betraktning. Og lit på at alle faktorer blir, i sin viktighet, tatt med i heilheiltvurderinga.

Mvh

Helene Lindskog

Sandra Helene Karlsen

Greta Karin Karlsen